
Fra: Monica Vabø Reigstad
Sendt: onsdag 17. oktober 2018 12:11
Til: Postmottak Meland
Kopi: Harald Thorstensen
Emne: Innmelding av behov for utbetringar ved Vestbygd skule

Kategorier: Grønn kategori

Sender denne «samle»- mailen etter avtale med Paal Tonning. Dette for at dei ulike sakene skal komme til rett stad.

Vestbygd skule har trong for følgjande utbetringar:

1. Utvendige persienner utanfor klasserom 158, grupperom 159, og SFO/klasserom 154. Dette er rom som blir særskild varme når sola er framme, dei er då ikkje egna til undervisning.
2. Personalrommet (142) har ikkje plass til alle dei tilsette. Jfr Arbeidsmiljøloven §3-2 Ved dimensjonering av personalrom skal det blant annet tas hensyn til b) *det største antall arbeidstakere som normalt skal bruke rommet samtidig*, Vestbygd har plass til 18 tilsette på personalrommet samstundes. Me har 30 stk som skal nytta det samtidig. Det har innverknad på arbeidsmiljøet når ein ikkje har moglegheit til å vera samla i pausar.

I Arbeidmiljøloven § 3 -5, står det følgjande: *Virksomheten skal normalt ha spiserom eller tilgang til tilfredsstillende lokaler utenom virksomheten. Spiserom skal være så stort at det gir tilfredsstillende plass til det største antall arbeidstakere som skal spise samtidig. Spiserom skal være hensiktsmessig innredet, og om nødvendig slik at arbeidstakerne kan tilberede måltider der.* Dette er også eit utfordring i forhold til kjøkken kapasitet. Det er mange som skal nytta eit sær s lite kjøkken, dette gjer det vanskeleg å avvikla pausane innan tida som er til rådighet.

3. Parkeringsplass. Vestbygd skule har i utgangspunktet ikkje nok parkeringsplassar til dei tilsette. Dette medfører fleire farlege situasjonar. 1) Tilsette må parkera der elevar leiker. 2) føresette nyttar p – plass når dei leverer borna sinetil SFO og skule. Dette medfører uoversiktleg trafikk- situasjon der farlege hendingar kan oppstå.

Med venleg helsing

Monica Vabø Reigstad
Rektor Vestbygd skule
Tlf:56174282/Mob:92039826
E-post: monica.reigstad@meland.kommune.no

